

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**

**Møtested:** Telefonmøte

**Dato:** 09.09.2013

**Tidspunkt:** 12:00

---

Viser til telefonkontakt med alle medlemmene i AU 05.09.13 med fastsetting av tid for telefonmøte.

Eventuelt forfall må meldast på tlf. 948 80 564 (Kari) eller 947 89 126 (Magnus).

**For å kople seg til telefonmøtet gjer de følgjande:**

1. Ring 800 88 860
2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 13/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 14/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2013 - Bruk av bil til Glitterheim for deltaking i bryllup - Olav Tøfte		2013/5579
ST 15/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Justering av vannanlegg for Skogadalsbøen turisthytte - DNT Oslo og Omegn		2012/6060

Arkivsaksnr: 2013/5579-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	14/2013	09.09.2013

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2013 - Bruk av bil til Glitterheim for deltaking i bryllup - Olav Tøfte**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Elin og Olav Tøfte dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for kjøring frå bommen i Veodalen til Glitterheim og attende for deltaking i bryllaup 21. september 2013, jf søknad datert 02.09.2013.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld kjøring til Glitterheim tur/retur 21.-22. september 2013.
- Løyvet skal takast med under transporten.

### **Saksopplysningar**

Elin og Olav Tøfte har ved e-post 2. september sendt følgjande søknad om dispensasjon:  
*«Eg viser til telefonsamtale mandag 2. september. Vi skal i bryllup på Glitterheim laurdag 21. september 2013. Vi søker med dette om løyve til å köyre eigen bil inn til Glitterheim sidan vi har eit barn på to månader og vi ser det vanskeleg å koma dit utan bil. Vi ønskjer også å kunne koma oss heim igjen om natta.*  
*Håpar på raskt og imøtekommende svar.»*

### Verneforskrift

Etter verneforskrifta pkt. 5.1. er «Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty forbode, med unntak av til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.»

Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til «Køyring i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre». Denne generelle dispensasjonsopninga i forskriftena pkt. 5.3.4 er avløyst av § 48 i naturmangfaldlova, der ein har følgjande heimel i første ledd:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «*å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.*»

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen gjev følgjande føringar for transport etter Glitterheimvegen:

«*Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km. inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsel på vegen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgt.*»

### **Vurdering**

Eit bryllaup er ei særleg anledning som det er viktig å kunne få delta på, og det er etablert ein praksis i forvaltninga der ein i stor grad har opna for transport av gjester med særlege behov. I all hovudsak har slik gjestetransport vore samordna med den ordinære varetransporten til Glitterheim, eller det har vore enkelte løyve til bruk av buss for å frakte gjestene samla. Ein har vore meir restriktiv med dispensasjonar i høgsesongen enn seint på hausten. Dette av omsyn til andre brukarar. Det har i svært liten grad vore opna for bruk av eigen bil innan nasjonalparken pga presedensverknad.

Med eit barn på to månader kan det vera visse praktiske problem med å innordne seg etter varetransporten til Glitterheim. Søkjarane ønskjer å kunne reise heim med barnet etter festen, og det går da ingen ordinær varetransport i regi av turisthytta. Det vil såleis vera behov for ein ekstra tur, og det er mest praktisk at søker nyttar eigen bil. Dette for å sleppe og flytte barnet over til annan bil når ein kjem ned til nasjonalparkgrensa.

Ein enkelt tur med bil vil ha avgrensa ulemper i forhold til verneformålet. Med i denne vurderinga ligg også at fotturismen i fjellet er på hell når ein kjem ut i september, og verknaden overfor andre brukarinteresser vert vurdert som minimale. Det kan derfor tilrådast dispensasjon for kjøring av ein bil tur/retur Glitterheim 21.-22. sept. 2013. Når det gjeld vurdering av eventuell presedensverknad, legg ein til grunn at dette er knytt til ei spesiell feiring og at ein neppe vil få mange tilfelle med behov for å ha med spedbarn ned i to månaders alder. Ein vurderer det som eit særleg behov for biltransport når ein skal ut i høgfjellet så seint som slutten av september.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Det er god kunnskap om området, og transporten skjer etter opparbeidd bilveg.

§ 9 Føre-var prinsippet: Ein enkelt tur med bil medfører minimal meirbelastning i form av støy eller forstyrring på denne tida av året. Omsynet til presedensverknad er vurdert.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvalningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Etablert forvaltningspraksis er å gje løyve til personar med særleg behov for deltaking i arrangement som bryllaup o.l.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant, da søknaden gjeld kjøring på etablert veg.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.

#### Konklusjon:

Tiltaket vil ikkje gå ut over verneverdiar i området, og for deltaking på eit så spesielt arrangement som bryllaup er det etablert praksis for å kunne tillate transport etter Glitterheimvegen for dei som elles ikkje vil ha høve til å delta. Det har normalt ikkje vorte gjeve løyve til bruk av eigen bil, men med transport av spedbarn kan ein vurdere det som særleg grunn for å fråvike dette prinsippet av omsyn til fleksibilitet for å unngå flytting av babyen over i annan bil ved nasjonalparkgrensa.

Arkivsaksnr: 2012/6060-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 04.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	15/2013	09.09.2013

**Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Justering av vannanlegg for Skogadalsbøen turisthytte - DNT Oslo og Omegn****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde pkt. IV, 4e, får DNT Oslo og Omegn løyve til:

- Å utbetre eksisterande inntaksdam for å hindre lekkasje med betongstøyp.
- Å slisse eit spor i berget mot elva like nedstrøms inntakskummen for å sikre vassleidning mot skader frå elva.

**Løyve er gjeve på følgjande vilkår:**

- Gravemaskin skal brukast skånsomt. Terrenginngrep skal haldast på eit minimum.
- Slissa til å legge vassleidningen i skal primært gjerast med pigg på gravemaskin. Sprenging med dynamitt skal haldast til eit minimum.
- Sprengt stein skal leggast i terrenget slik at det ikkje er synleg.
- Nasjonalparkforvaltar eller SNO skal sluttgodkjenne tiltaket og kan pålegge utbetring for å redusere påverknaden på landskapet.
- Sjå elles vilkår for transport og nedgraving av vassleidning i sak 15/2013 datert 25.04.2013.

## **Saksopplysningar**

### Dokument i saka

- Søknad av 02.09.2013, frå DNT Oslo og Omegn.
- Sak 9/2012 Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre datert 21.09.2012
- Sak 15/2013 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen datert 25.04.2013.

### Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Vi viser også til synfaring på Skogadalsbøen turisthytte med driftssjef Jan Erik Reiten, bygningssjef Anders Gjermo og nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun 23.06.2013.

### Bakgrunn for søknaden

DNT Oslo og Omegn sökte Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen om å flytte vassinntaket og gjere nokre justeringar med anlegget i 2012. Bakrunnen var at det ikkje samla seg nok vatn i kummen til å drifte turisthytta. Planen var å flytte kummen lenger bak i dammen.

Etter synfaring i 2013 meiner DNT O&O at det er ei betre løysing å sikre vasstilgang gjennom å sikre og tette eksisterande dam. Dagens dam er delvis av betong og stein. Dammen er planlagt forsterka med betongstøyp. Kummen kan dermed bli ståande som i dag som ein del av dammen. Det vart også vurdert som naudsynt å sikre vasslangen betre mot elva i ny trase. Den nye traseen vart det gjeve løyve til i 2012, men DNT O&O meiner slangen må sikrast betre, særleg mot isgang, gjennom å slisse eit spor i berget på 10-15 cm.

DNT O&O søker også om å etablere ein mur oppstrøms dam for å sikre dammen mot elva på stor vassføring og isgang. Kummen har blitt vaska vekk av elva tidlegare, men har stått slik som i dag i fleire år. Etter samtale per telefon med Anders Gjermo er det avklart at dette ikkje er det mest naudsynte tiltaket nå.

Løyve til nedgraving av vasslange ned til turisthytta og transport av maskin og utstyr er gjeve gjennom løyve i sak ST 15/2013.

Denne saka har vore til handsaming fleire gonger, men DNT har av ulike grunnar ikkje fått gjennomført planlagt tiltak. For å unngå dei same problema som i vinter, planlegg DNT å gjennomføre tiltaket nå i haust.

### Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernombretet er alle inngrep som vesentleg endrar landskapet sin eigenart eller karakter forbode, m.a. oppføring av anlegg (verneforskrifta pkt. IV, 2).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging av eksisterande turisthytter (verneforskrifta pkt. IV, 4e).

## Vurdering

Skogadalsbøen turisthytte er eit stort anlegg som ligg innanfor verneområdet. Drift av ei betjent hytte krev vatn. Tiltaket for utbetring av vassanlegget er tidlegare vurdert i sak 9/2012 (arbeidsutvalet) og sak 15/2013. Justeringar i forhold til tidlegare planar vert vurdert her.

Etter fleire rundar med synfaring og erfaring med midlertidige tiltak, er det tydeleg at vassanlegget har behov for utbetringar for å sikre drift av turisthytta. Området for vassinntaket ligg i bjørkeskogbeltet på rundt 900 moh, eit par hundre meter frå turisthytta mot aust. Inntaksdammen ligg noko ovanfor bruа over mot Uradalen og er ikkje synleg frå turstien. Elva Skogadøla har heile Skogadalen som nedbørsfelt, inkludert Skogadalsbreen. Elva har typisk flaumtopp vår og haust og transport av steinmassar og is er naturleg og må forventast. Som vinteren 2013 viste, kan det vere veldig litra vassføring om vinteren (§8 i naturmangfaldslova).

Å samle dette vatnet inn i ein inntaksdam vil vere viktig for drift av vassanlegget, men eit permanent og heilt sikkert anlegg vil krevje omfattande tiltak. Gjennom å utbetre eksisterande anlegg meiner DNT at vassanlegget kan bli tilfredstillande.

Det er viktig at Skogadalsbøen har eit driftssikkert permanent vassanlegg slik at ein unngår midlertidige strakstiltak som vinteren 2013. Oppsamling av tilgjengeleg vatn i inntaksdammen viktig og utbetring av eksisterande anlegg med meir bruk av betong sikrar dette. Dette er konstruksjon som i hovudsak vil stå under vatn. Med ein ny trase forbi første knausen (ca. 20 meter), vil vasslagen ligge i dagen og dermed vere synleg (når ein står ved inntaksdammen). Å lage eit spor i berget på 10-15 cm vil vere eit varig inngrep, men ha avgrensa omfang og ha veldig lokal effekt. Vilkår om oppussing og fjerning av sprengte massar, avgrensar landskapspåverknaden til å vere veldig lokalt ved inntaksdammen. ( §9 i naturmangfaldslova).

Sikring av inntaksdammen gjennom å konstruere ein betongmur oppstrøms inntaket vil vere eit nytt element og tiltak knytt til vassanlegget. Tiltaket kan vere med å sikre eksisterande anlegg, men det er usikkert kor stor den må vere for å sikre anlegget permanent. Denne betongmuren vil vere godt synleg, i alle fall lokalt, og det vert vurdert at det trengs ei grundigare vurdering av behovet, storleiken og effekten av denne muren før ein gjer løyve til eit slikt nytt tiltak (§ 9 og 12 i naturmangfaldslova). Det samla inngrepet i området vil auke med ein ny ledemur og behovet og omfanget må derfor bli vurdert nærmare (§10 i naturmangfaldslova).

Grunna kort behandlingsfrist , har ikkje tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale, men det har vore telefonisk kontakt med leiar. Sidan dette ikkje omfattar nye tiltak, men justering av tidlegare behandla tiltak, vert det vurdert som tilstrekkeleg.